



MARKERING: Det er tradisjon i Spiren barnehage for å markere både årstider og spesielle tema gjennom året. For litt sidan vart samane sin nasjonaldag som var tema, og då måtte dei sjølvsagt ha med ein skikkeleg same.

Spiren i full bløming

Søknaden til Spiren gardsbarnehage har dei siste åra vore såpass stor at ikkje alle som ønskjer det har fått plass i barnehagen. Styrar Audhild Bjune trur populariteten skuldast ein miks av eit interessant og spanande uteområde og bruk av ein pedagogikk som pirrar borna sine sansar.

Neste år er det 20 år sidan den vesle gardsbarnehagen såg dagens lys. I 1989 flytta Audhild Bjune og Nat Mead til Aurland. Audhild hadde fått seg jobb ved Aurland barne- og ungdomsskule (ABU) medan Nat skulle gå på jordbruksskulen. Med på flyttelasset var også dottera Eleanor, som då var to år gamal. Dersom mor skulle arbeide og far skulle studere var det trong for barnehageplass til veslejentane.

Starta barnehage

Det synt seg å ikkje vere så lett. - Me fekk ikkje plass, seier Audhild, som langt på veg løyste problemet ved å starte eige barnehage. - Det var om lag slik. Det var syster mi, Maria (tidlegare rektor ved Sogn jord- og hagebruksskule) som sette meg på ideen. Eg fortalte ho om problema med å få barnehageplass for Eleanor, og fekk til svar at eg kunne vel starte ein barnehage sjølv, seier Audhild, som tok oppmodinga på høgste alvor. Etter litt arbeid mot stat, fylke og kommune var gardsbarnehagen på jordbruksskulen eit faktum på haustparten i 1989.

- Det første året hadde me lønsmidlar til

ein assistent tre dagar for veka. Dei to andre vekedagane bytte me foreldra på å vere barnehagepersonell, seier Audhild, som i eitt års tid kombinerte leiaransvaret for barnehagen med lærarvirke ved ABU. Sidan har ho arbeidd full tid i Spiren. Det starta med fire born, men derifrå har talet born auka gradvis. I dag er det 18 born i barnehagen, og det er fullt. - Kapasiteten er oppbrukt, og me har heller ikkje noko ønskje eller mål om å verte større. I fjor måtte me faktisk seie nei til søkjarar.

Felles opptak

Den første tida var det i hovudsak "jordbruksskuleborn" som gjekk i gardsbarnehagen, men temmeleg snøgt byrja det også melde seg "bygdeborn". - Så vidt eg hugsar var det berre det første året at det berre var born frå skulemiljøet. I hovudsak er det no mest av den siste gruppa som utgjer barnehagegrunnlaget, men born frå skulemiljøet er enno eit relativt fast innslag. - Mengda "skuleborn" gjekk ned då jordbruksskulen gjekk frå å vere agronomutdanning til å bli vidaregåande

skule. Dermed vart også elevane yngre, med færre "elevborn" som ein naturleg konsekvens, seier Audhild, som særleg dreg fram felles opptaksordning med dei kommunale barnehagane som viktig for den aukande etterspurnaden etter plass i gardsbarnehagen. - Det skjedde noko då me vart ein del av samordna barnehageopptak. Eg trur fleire vart merksame på at Spiren var eit reelt alternativ. I alle fall har me opplevde temmeleg god søknad til barnehagen dei siste åra. Søknadsfristen til Spiren fell også saman med opptak til skulen. Det er ein del av det totale tilbodet ved Sogn jord- og hagebruksskule (SJH) at elevar med born skal få barnehageplass dersom dei ønskjer det.

Pussa opp

Barnehagen held til i den gamle gamle preste- og rektorbustaden. - Det er eit flott hus som eignar seg svært godt til barnehagedrift. Sjølv om det er 100 år gammalt er det i god stand, ikkje minst takka vere at Aurland kommune hjelpte oss med å setje det i skikkeleg stand for nokre år sidan. Mest heile huset vart pussa opp og isolert, seier Audhild, som trekk fram dåverande skulesjef i Aurland kommune, Velaug Veum, som ein aktiv og konstruktiv medspelar både i prosessen med å etablere barnehage og i den seinare oppussingsprosessen. Dåverande rektor, Kåre Torvik, ivra også for barnehageetableringa på skulegården.

Framhald



ALTERNATIV: Audhild Bjune har vore styrar i Spren barnehage sidan oppstarten i 1989. Ho trur barnehagen vil bestå og utvikle seg som eit godt barnehagealternativ i Aurland.

Også politisk har gardsbarnehagen hatt brei støtte opp gjennom åra. Det private barnehagealternativet har vorte sett på som eit viktig tilskot og alternativ i det samla barnehagemiljøet.

Driv effektivt

I dag får Spiren statstilskot på lik line med dei kommunale barnehagane. Betalingsattsane ligg på same nivå som i dei kommunale barnehagane. Økonomisk har det stort sett gått greitt, men det har vore tider der ein har vore nøydd for å stramme livreima. – Me har aldri gått med store underskot, men i eit tidsrom måtte me som tilsette avstå frå å ta del i den normale lønsutviklinga. Det gjorde me av omsyn til å behalde barnehagetilbodet og egne arbeidsplassar, seier styraren, og legg til at dei tilsette i dag har same lønsvilkår som kollegaer i det offentlege. Spiren driv gjennomgåande rimeleg og kostnadseffektivt. Det vert lagt vekt på å få mest mogleg ut av løyvingar og tilskot. – Me får ein sum peng i starten av året, og denne vert fortvalta etter beste evne slik at den rekk gjennom barnehageåret, seier Audhild, og dreg fram eit stabilt personale som ein viktig årsak til at barnehagen greier seg godt økonomisk. – Me har lite sjukefråvere, noko som er viktig i så måte. Eg tek det som eit teikn på at dei tilsette trivast, og det tilsette føler både ansvar og eigarskap til barnehagen.

Valmoglegheit

Spiren barnehage har frå tid til anna fått kritikk for mangel på føreskulepedagogikk, men har no føreskulelærar i 80% stilling. I tillegg er Audhild lærar av yrke, og såleis oppfyller barnehagen også krava på dette området. I tillegg til styraren jobbar assistentane Else Terum og Anne Fetzer og føreskulelærar Ingunn Løvold i barnehagen. Spiren barnehage si plassering gjer det naturleg å byggje mykje av drifta over aktiv bruk av uteområdet, som innbyr til det meste når det gjeld allsidig utandørs aktivitet. – Me er ute fast to gonger for dagen mest uansett vær. Er det direkte ufysleg ver hender det at me brukar fjøsen til "uteaktivitetar", seier Audhild, og legg til at barnehagen baserer seg på Steinerpedagogikk. Barnehagestyraren trur Spiren barnehage vil bestå som eit viktig barnehagealternativ i Aurland, og som gir valmoglegheiter for foreldre og born som finn inspirasjon i gardsbarnehageideen og ei litt anna pedagogisk plattform.

O.Skjerdal & Co^{AS}
AURLAND

KLÆR
SKO
MAT

SPAR

Opphøyrstal

Frå 6. mars er det

- 50%

**på alle varer i
klær og skoavdelinga!**

NB! Gjeld ikkje apotekvarer.

Ope: måndag – fredag 10.00. – 16.00.
Laurdag: kl. 10.00 – 15.00.

Flåmsbana

**ditt lokale
reisealternativ
- heile året**



Flåmsbana
THE FLÅM RAILWAY

Visit Flåm
THE FJORD NORWAY RESORT

Flåmsbana, Postboks 75, 5742 Flåm
Tlf. 57 63 21 00 Fax 57 63 23 50
www.flåmsbana.no
www.visitflam.com